



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3837 - 22/43962

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
08.06.2022

## Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 433/11 Hella indre

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr 433/11  
Tiltakshavar: Rita Hella Grindheim og Frank Grindheim  
Ansvarleg søkjar: Delolitte Advokatfirma AS v/ Sjur Børve

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan for Radøy for oppretting av ny grunneigedom rundt eksisterande våningshus. Tomta er oppgjeve til å vera omlag 2 daa.

Gbnr 433/11 er registrert med eit areal på om lag 78 daa i matrikkelen. Eigedomen er bygd med fleire bygg. Blant anna 2 våningshus, løe, garasje og naust. Huset som no vert søkt frådelt er det nyaste av dei to våningshusa. Huset vart teke i bruk i 1989.

Søknaden er nabovarsla. Det er kome ein nabomerknad som går på nabogrense. Merknaden er avklart av søkjar.

Arealet er registrert som bygd i NIBIO sitt gardskart.

Formålet med søknaden er generasjonskifte på bruket. Heimelshavar bur i huset som no vert søkt frådelt.

### Planstatus

Arealet er uregulert og sett av til LNF formål i kommunedelplan for Radøy.

### Dispensasjon


Det er søkt om dispensasjon frå arealformålet i kommunedelplanen.

Søkjar grunngjev dispensasjonssøknaden med mellom anna at arrondering av tomte og avstand til eksisterande bygningar ikkje vil påvirke drift av bruket. Videre at eigedomen er eit

mindre småbruk som ikkje er eigna til omfattande tradisjonelt husdyrhald. Det er ikkje trong for to våningshus på bruket.

Omsøkt frådelling vil føre til fortetting av området og dempe presset på verdifulle og samanhengande jordbruksareal. Delinga vil ikkje føre til drifts- og miljømessige ulemper. Som fordel med å gje dispensasjon vert rekna opp tilvekst med yngre folk i bygda ved at neste generasjon skal overta bruket.

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad datert 27.04.2022 for meir informasjon.



Frå situasjonskartet.



Oversiktskart.

Det er lagt fram erklæring om veg-, vass- og avlaupsrett.

### Jordlova

Det er søkt om dispensasjon frå §§9 og 12 i jordlova.

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova. Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde.

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilleggsopplysninger i forbindelse med søknad om fradeling av bolig gbnr. 433/11 Hella indre  
Førehandsuttale avløpsløsning - gbnr. 43311 Hella  
situasjonskart

Søknad om dispensasjon fra kommuneplanens arealdel - gbnr 433/11

Søknad om dispensasjon etter jordlova - gbnr 433/11

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 433/11 Hella indre

**Kopi til:**

Sjur Børve	Postboks 6013	5892	BERGEN
------------	---------------	------	--------

**Mottakarar:**

Landbruk	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen